

Faktagrunnlag – lauvskog i Stranda kommune

1. Ressursgrunnlag

Stranda kommune har om lag 63 000 dekar lauvskog dersom ein tek med alle skogeigedomar i kommunen. Dette representerer ein betydeleg ressurs for framtidig verdiskaping. Produktivt skogareal i kommunen er om lag 32 668 dekar basert på områdetakst og enkelttakstar utført av Allskog i 2016, mellom anna nytta i samband med PEFC-godkjenning. Lauvskog for desse eigedomane utgjer om lag 92 600 m³ ståande volum, tilsvarende rundt 18 % av total skogressurs. Lauvskog representerer ein viktig del av ressursgrunnlaget både økonomisk og økologisk.

Skogen er òg ein sentral del av karbonkretsløpet. Gjennom fotosyntesen tek tre opp CO₂ frå atmosfæren og lagrar karbon i stammar, greiner, røter og i jord. Lauvskogen utgjer difor eit viktig karbonlager i kommunen. Storleiken på karbonlageret aukar med volum og tilvekst, og aktiv, berekraftig forvaltning kan bidra til å styrke dette opptaket over tid.

Samstundes kan reduksjon i skogareal, hogst utan tilstrekkeleg forynging eller inngrep i karbonrike jordtypar føre til utslepp av CO₂. Korleis skogressursane vert forvalta vil difor ha direkte betydning for kommunen sitt samla klimarekneskap.

2. Terreng og driftsforhold

Skogen er i stor grad lokalisert i bratt terreng. Om lag 13 % ligg i lett terreng, 26 % i middels bratt terreng og 62 % i bratt terreng. Dette gir utfordringar knytt til drift, tilgjenge og kostnadsnivå, og gjer bruk av spesialisert utstyr som taubane aktuelt.

3. Skogstruktur og alder

Store delar av lauvskogen er eldre skog. Om lag 64 % er i hogstklasse 5 og 27 % i hogstklasse 4. Dette tyder at mykje av skogen er hogstmoden, og at det er eit potensial for auka aktivitet og forynging innanfor rammar av berekraftig skogbruk og nødvendige miljøomsyn.

4. Produksjon og tilvekst

Den totale årlege tilveksten i skogen er om lag 18 800 m³ frå det takserte arealet. Lauvskog står for om lag 17–18 % av dette, sjølv om det representerer ein større del av arealet. Produksjonen i lauvskog er generelt lågare enn i barskog, og mykje av tilveksten skjer i eldre bestand.

Tilveksten er avgjerande for karbonbinding, då auka biomassevekst gir høgare opptak av CO₂. Aktiv forynging og god skogskjøtsel vil difor vere viktige tiltak både for produksjon og klimaeffekt.

Utvikling av produksjonen må vurderast i samanheng med omsyn til biologisk mangfald og behovet for variasjon i treslag.

5. Bonitet og kvalitet

Store delar av lauvskogen ligg på middels til god bonitet. Om lag 61 % er på god bonitet (klasse 17), medan om lag 24 % er på middels bonitet (klasse 14). Dette gir gode føresetnader for produksjon ved aktiv forvaltning. Ved val av treslag må ein leggje til grunn stadstilpassa vurderingar av bonitet, klimaforhold og naturgrunnlag. Treslagsskifte kan i enkelte tilfelle gi auka produksjon, men må vegast opp mot omsyn til naturmangfald, økologisk tilpassing og krav i PEFC-standard.

6. Miljø og biologisk mangfald

Det er registrert om lag 1 623 dekar nøkkelbiotopar, tilsvarande rundt 5 % av produktivt skogareal. Lauvskogen har viktige miljøverdiar, mellom anna knytt til gamle tre, rik vegetasjon og død ved. Lauvskog er særleg viktig for mange artar og skal i stor grad bevarast og utviklast som ein del av eit berekraftig skogbruk.

Desse områda har òg gjerne høg verdi som karbonlager, særleg eldre skog og område med mykje død ved og organisk jord.

7. Hovudutfordringar

Viktige utfordringar er bratt terreng, høge driftskostnader, avgrensa vegtilgang, låg lønsemd og lite aktiv drift. Eigedomsstrukturen er også fragmentert med mange små eigedomar.

8. Moglegheiter

Det finst eit betydeleg potensial for auka verdiskaping. Over 24 000 dekar ligg i lett og middels terreng. Store areal er hogstmodne, og det er mogleg å auke produksjonen gjennom betre drift, infrastruktur og forynging, basert på stedstilpassa treslagsval og ivaretaking av miljøverdiar.

Samtidig ligg det eit potensial for å styrke karbonbindinga gjennom aktiv skogforvaltning, betre utnytting av tilveksten og auka bruk av tre som klimavennleg råstoff.

9. Strategisk utgangspunkt

Stranda har gode skogressursar, men utfordringar knytt til tilgjenge og lønsemd. Ei framtidig satsing bør fokusere på betre infrastruktur, tilpassa driftsmetodar og auka aktivitet, kombinert med god balanse mellom aktiv bruk av ressursane og langsiktig ivaretaking av naturmangfald og karbonlager i tråd med PEFC-standard.